

047777

# RAPPORT

frå

prøvegraving i slagghaug på stølen

Brileset

Nedre Vinjo, gnr. 261, bnr. 2, Voss kommune.

**Samandrag:** I dagane 23. og 24. mai og 6. juni 1991 vart det føreteke ei mindre prøvegraving i ein slagghaug på stølen Brileset på Vossestrand. Føremålet med gravinga var å ta ut prøvemateriale for 14C-dateringar. I det følgjande vert det gjort greie for tidlegare registreringar og sjølve prøvegravinga.

### Tidlegare registreringar

Stølen Brileset ligg i utmarksområdet sør for bygda Vinje på Vossestrand, men høyrer til garden Humlebrekke og vert difor også i daglegtale kalla for Humlebrekkstølen.

På denne stølen vart det i 1979 registrert ein slagghaug og åtte mindre groper, som til dels inneheldt slagglumpar og kolbitar. Registreringane vart utførde i samband med kartlegging av verneverdiane i dei såkalla 10 års verna vassdraga, der Vossovassdraget var eitt av desse. Registreringane på Brileset fekk nemningane Brileset lok. 1 (slagghaugen) og Brileset lok. 2 (gropene) og er publiserte i Historisk museum sin rapportserie Arkeologiske rapporter 6, med undertittel Arkeologiske registreringar i Vossovassdraget av Lil Gustafson.

I samband med museet sine fornminneregistreringar for Det økonomiske kartverket vart desse to lokalitetane registrerte på nytt lag i 1983, men vart no oppfatta som ein fornminnelokalitet og fekk nemninga R2. Fornminnelokaliteten omfattar eit område på kring 25x25 m og ligg 180 m SSV for selet på Brileset på begge sider av stølsbekken som her renn mot NNO. På austsida av bekken ligg slagghaugen opå ei smal lyngvaksen flate før lendet stig bratt mot O. Gropene ligg rett mot slagghaugen på vestsida av bekken på ei gras- og lyngvaksen flate der fotstigen frå stølen er vestlege avgrensing for gropeområdet. Kring funnlokaliteten veks det spreidde små bjørker.

Slagghaugen er tidlegare registrert til å vera kring 6x10 m vid, orientert NNO-SSV, og kring 2 m høg. Nøgnare målingar i samband med prøvegravinga synte at haugen er næreae 10x13 m vid. Han er avflata på toppen, heilt tilvaksen med blåbærlyng og det veks ei større bjørk midt oppå han. På den avflata toppen er det tre søkk i haugen. Mot S er det eit søkk som er 1 m vidt og 0,4 m djupt. 1 m lenger mot N er det eit liknande søkk og 2 m NO for dette eit tredje, like vidt, men berre 0,2 m djupt.

Dei åtte gropene som ligg på den andre sida av bekken, er alle grunne, 0,2-0,4 m djupe, og kring 1 m i tverrmål med unnatak av ei som berre er 0,5 m vid.

### Bakgrunn for prøvegravinga.

I seinare år er det utført omfattande undersøkingar av jernvinneanlegg både i Trøndelagsfylka og på Austlandet (Dokkfløyområdet). Desse undersøkingane har gjeve vesentleg ny kunnskap om jernutvinninga av myrmalm i tidlegare tider og det teiknar seg eit bilete av tre kronologiske hovedfasar.

Til grunn for denne faseinndelinga ligg teknologiske endringar som dels let seg etterspora i utgravne konstruksjonsrestar og dels ved hjelp av metallurgiske analyser av avfallsproduktet, slaggen. Ein av hovedmennene bak dei seinare års nyvinningar har då nettopp også vore ein metallurg, nemleg førsteamanuensis Arne Espelund ved NTH i Trondheim.

I samband med arbeidet sitt føretok han i juni 1990 ein synfaringsrunde til kjende jernvinneplassar i Vossebygda, i Sysendalen og i Flåmsdalen. Etter å ha sett anlegget på Brileset, sette han fram ønskje om ei mindre graving i slagghaugen der med tanke på uttak av materiale for 14C-datering.

### Prøvegravinga.

Prøvegravinga tok til torsdag 23. mai under leing av førstekonservator Svein Indrelid med Arne Espelund, museumsstyrar Aslak T. Helleve og lokalhistorikar Lars B. Melve som deltakarar. Seint på ettermiddagen slutta underteikna seg til (etter tidlegare på dagen å ha vore vert for vårt nye kongepar under deira vitjing i Historisk museum). Indrelid måtte dra attende til Bergen same kvelden, Helleve og Melve hadde også andre gjeremål neste dag. Første del av prøvegravinga vart følgjeleg slutført fredag 24. mai av Espelund og underteikna.

I og med at føremålet med prøvegravinga var å ta ut prøver for 14C-datering i så god kontekst som mogeleg, vart det lagt opp til å grava ei sjakt gjennom slagghaugen. Sjakta som var 3/4 m brei, gjekk tilnærma NV-SO og vart lagt slik at ho skar gjennom det midtre søkket på toppen av haugen.

Under eit 2-12 cm tjukt lag med torv og førna kom ein over alt i sjakta ned på eit lag samansett av sand, grus, humus og slagglumpar. Laget var frå 10-60 cm tjukt og låg oppå eit underliggjande lag samansett av grå og grågul sand og grus, truleg C-horisonten i ei opphavelag overflate. Det slaggførande laget, som var tjukkast i den austre delen av sjakta, var såleis etter alt å døma påført ei naturleg forhøging som steig markert opp frå bekken i V, men flata noko ut austover.

Lagfølgja i søkket var øvst identisk med lagfølgja elles i sjakta, men 70-80 cm under nåverande overflate kom ein i søkket ned på eit lag med heller flate steinar.

Nedre del av søkket var dessutan heilt klårt nedskore i den opphavelage undergrunnen. Med omsyn til slagglumpene, som var frå 5-30 cm store, vart desse funne jamt fordelt i heile sjakta. Det var såleis ingen konsentrasjon av slagglumpar i søkket. Ein av dei større

slagglumpene som vart funne i austre kant av søkket, 40 cm under overflata, inneheldt derimot trekol og vart teken med til NTH for uttak av prøvemateriale for 14C-datering (Prøve A). Det vart dessutan teke ut trekol for datering i underkant av det slaggførande laget kring 50 cm aust for søkket (Prøve B).

Prøvegravinga vart i første omgang avslutta etter at ein i heile sjakta var komen ned på opphøveleg overflate og i søkket ned på steinlaget. Tolkinga av søkket var likevel uklår. Kor vidt det her berre var tale om ei nedgraving i det slaggførande laget/undergrunnen eller om vi stod over for gropa i ein gropsjaktomn, var i høgste grad uvisst. Med omsyn til slagget som var funne, var Espelund derimot meir sikker: Det var all grunn til å rekna med at vi her hadde med slagglumpar frå den eldste jernvinnefasen å gjera!

Resultatet så langt var følgjeleg svært interessant, men spørsmåla framleis mange. Sjakta vart difor ikkje kasta att i denne omgangen, berre søkket vart dekkja til for å unngå nedrasing.

Etter ein tenkepause drog så underteikna opp att til Brileset den 6. juni saman med Lars Erik Narmo som nettopp hadde teke hovudfagseksamen med mellomalderens jernvinne i Dokkfløyområdet som hovudoppgåveemne.

Gravinga heldt då fram i sjakta i det såkalla søkket og næraste området opp mot dette. Steinlaget som ein var komen ned på ved første gravinga, vart no grave opp. Steinane som låg her, var heller flate og kring 30-40 cm i største mål. Ein kan likevel ikkje snakke om eit hellelag i botnen av søkket. Til det låg steinane for uregelmessig både horisontalt og vertikalt. Ei mogleg tolking ville kunna vera at steinane hadde stått kring veggene i søkket, men hadde så rasa inn. I underkant av steinlaget mellom 100-110 cm under noverande overflate, låg ein god del kolbitar oppå det grå og grågule laget av sand og grus som tidlegare var observert i heile sjakta. I sjaktveggen var det dessutan klårt å sjå at søkket var markert nedskore i denne undergrunnen, men dessutan synt det seg no at mot aust var ein del av veggen i søkket samansett av eit lag av sand og jord med spreidde slagglumpar. Dette etter alt å døma påfylte laget strekte seg godt 2 m austover og var 20-40 cm tjukt. I samband med den første undersøkinga var dette laget tolka som ein del av undergrunnen og kolbitar frå toppen av laget var då samla inn for 14C-datering i den tru at vi her hadde å gjera med botnen av det slaggførande laget (Prøve B). Til byte for denne prøven frå usikker kontekst, vart det nå samla inn prøvemateriale mellom kolbitane som låg under steinlaget i søkket (Prøve C).

Etter at søkket var grave til botnar, innan dei grenser som sjakta sette, var tolkinga av søkket som gropa i ein gropsjaktomn tvillaust styrkt, men noko fullgodt prov var ikkje funne.

Berre framtidige og sterkt utvida undersøkingar av denne delen av slagghaugen og helst av dei to andre søkka også, vil kunna gje sikrare svar. Med tanke på slike undersøkingar vart heile sjakta dekkja til med plastduk før ho vart kasta att.

I samband med prøvegravinga i slagghaugen vart det også teke nokre mindre prøvestikk i eit par av gropene på vestsida av bekken og i bakken mellom gropene. Ei av gropene synte seg då etter alt å døma å vera ei kolgrop, dvs. ei grop for tilverking av trekol. Like eins vart det her og der gjort funn av mindre slagglumpar under torva i området mellom gropene og nokre av desse slagglumpane var tydeleg tappeslagg, dvs. slaggg danna i ein sjaktomn med slaggvattapping i motsetnad til slaggg som hadde storkna i grop under ein sjaktomn. Kolgropa og tappeslaggen vitnar om at det på Brileset også kan ha gått føre seg jernutvinning i den andre jernvinnefasen, dvs. vikingtid/mellomalder.

Bergen i sept. 1991



Arthur Fasteland